

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.08. 2013
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen med fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda juni og juli 2013**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 088/13 B

Styremøte 03.09. 2013

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2013 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per juli 2013 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 56 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 84 dagar. Lågare aktivitet i samband med ferieavvikling og prioritering av dei sjukaste gjer at ventetida for behandla har gått litt ned den seinaste månaden, medan ventetida for ventande har gått opp. Utviklinga i prosentdelen ventetider som er oppdatert dei seinaste fire veker på nettstaden fritt sjukehusval har vore positiv heilt frå april 2010 og fram til og med juli 2013, og særleg i 2013 har resultata vore gode.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2012, både for innlagde dag- og døgnpasientar, og for poliklinisk behandling. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og PH for vaksne samanlikna med same tid i 2012. Det er generert nokre fleire utskrivne døgnpasientar innan psykisk helsevern for vaksne, medan det er gjennomført færre liggjedøgn både for barn og unge, og vaksne.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis for høg (4 %), og har gått litt opp den seinaste månaden. Helse Stavanger har framleis størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken, og utviklinga har vore tilnærma flat dei siste månadene. Innan psykisk helsevern har det vore ein auke i talet korridorpasientar i Helse Stavanger HF den siste månadane, medan Helse Bergen HF har hatt ein nedgang dei seinaste månadane. Talet langtidsventande har halde seg stabilt gjennom sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 82 % innan somatikken og 84 % innan psykisk helsevern i juli 2013.

Det økonomiske resultatet i juni var kr 67,9 mill som er kr 27,8 mill betre enn budsjettet. I juli var resultatet kr 65,2 som er kr 13,9 betre enn budsjettet og gir eit akkumulert resultat etter sju månader på kr 381,9 mill som er kr 32 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger og Helse Fonna har etablert omstillingspakkar på hhv. 44,7 og 50 mill. For dei andre helseføretaka er det førebels ikkje vurdert som nødvendig å iverksette rapportering på tiltak.

Samla investeringar pr. juli er på kr 740,7 mill. Dette utgjer omlag 43 % av forventta investeringsnivå i 2013.

Netto likviditet ved utgangen av juli er på kr 694 mill. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Det er ein nedgang med 1,0 % i det samla sjukefråværet i juli 2013 i forhold til juni 2013. Samanlikna med juli 2012 har det samla sjukefråværet gått ned med 1,4 % og sjukemeldt fråvær gått ned med 1,2 %. 70,23 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare og 69,50 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per juli 2013.

Det har vore ein nedgang med 926 brutto månadsverk frå juli 2013 til august 2013 samla for føretaksgruppa. Netto månadsverk har hatt ein nedgang med 274 netto månadsverk i same perioden samla for føretaksgruppa. Den store nedgangen skyldast at det er mange ferievikarar inne i juli.

Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for juli 2013 er på 90,77 %.

I perioden 1. april til 30. juni 2013 vart det totalt fanga opp 1879 artiklar som omtalte føretaksgruppa Helse Vest. 446 av desse oppslaga omtalte Helse Vest RHF særskilt. Synleggjinga av Helse Vest RHF i mediebildet aukar noko, samanlikna med dei føregåande kvartala og i juni registrerar ein det høgaste snittet etter at målingane tok til. Medieomtalen i juni har ein positiv potensiell verknad på omdømmet. Omdømmeindikatoren viser at det i april og mai ikkje er noko overvekt av positive eller negative oppslag som verker inn på omdømmet. Det kan likevel vere enkeltsaker med høg positiv eller negativ effekt på omdømmet i desse månadene. I juni er det derimot ei vesentleg overvekt av positive oppslag, som potensielt kan trekke omdømmet i positiv retning.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. juli 2013.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Aktivitetstal frå det regionale datavarehuset er nytta til å rapportere aktivitetsutviklinga og ikkje tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Denne omlegginga blei gjennomgått i styresak 020/13. Biletet under syner aktivitetsutviklinga siste månad, akkumulert aktivitet hittil i år og akkumulert aktivitet hittil i år samanlikna med same periode førre år.

	Denne periode				Resultat hittil i år				Resultat hittil i fjor		
	Faktisk	Plan	Avvik frå plantal	Avvik frå plan %	Faktisk	Plan	Avvik frå plantal	Avvik frå plan %	Hittil i fjor	Endring frå i fjor	Endring frå i fjor %
Somatikk											
Døgnopphald	12 624	11 496	1 128	9,8 %	100 644	97 930	2 714	2,8 %	98 134	2 510	2,6 %
Dagopphald	3 737	3 409	328	9,6 %	39 260	35 059	4 201	12,0 %	38 991	269	0,7 %
Polikliniske konsultasjonar	48 980	45 684	3 296	7,2 %	501 705	467 711	33 994	7,3 %	485 376	16 329	3,4 %
Sum DRG-poeng	16 851	15 621	1 230	7,9 %	149 802	145 529	4 273	2,9 %	146 149	3 652	2,5 %
DRG-poeng KMF	8 842				71 706				68 654	3 051	4,4 %
BUP											
Døgnopphald	45				479				491	-12	-2,4 %
Polikliniske konsultasjonar	3 644				70 780				64 640	6 140	9,5 %
Sum liggjedøgn i perioden	543				8 803				9 269	-466	-5,0 %
VOP											
Døgnopphald	728				5 190				5 038	152	3,0 %
Polikliniske konsultasjonar	10 577				111 889				110 467	1 422	1,3 %
Sum liggjedøgn i perioden	18 878				141 310				144 257	-2 947	-2,0 %

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det per utgangen av juli 2013 totalt var generert rundt 150 000 DRG-poeng ved dei fire helseføretaka, noko som er 2,5 prosent høgare enn til same tid i 2012. Om lag 71 700 av desse DRG-poenga er generert innan det utvalet med DRG-ar som inngår i kommunal medfinansiering (KMF). Alle dei fire helseføretaka har ein høgare DRG-produksjon hittil i år enn i 2012, og Helse Førde har den høgaste veksten i prosent.

Talet døgnopphald hittil i år var på om lag 100 700, medan talet dagopphald var 39 300. For døgnopphald er aktivitetsnivået 2,6 prosent høgare enn i 2012, medan aktiviteten er 0,7 % høgare målt for dagopphalda. Av helseføretaka har Helse Stavanger HF ein litt lågare døgnaktivitet i 2013 (-1,5 %), samt at Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har ein lågare dagaktivitet til no i 2013 samanlikna med 2012.

Talet polikliniske konsultasjonar låg ved utgangen av juli 2013 rundt 502 000, noko som er 3,4 % høgare enn ved utgangen av juli 2012. Alle dei fire helseføretaka har ein prosentvis høgare poliklinisk aktivitet til no i 2013 enn til same tid i 2012.

Psykisk helsevern for barn og unge

Talet avslutta døgnopphald per utgangen av juli 2013 var 479, som er 12 færre enn i 2012. I den same perioden er det generert nær 8 800 liggjedøgn, som er 5 % lågare enn per juli 2012. Av dei fire helseføretaka er det berre Helse Stavanger HF som har hatt fleire avslutta døgnopphald enn i 2012, medan alle helseføretaka unntatt Helse Bergen HF har generert færre liggjedøgn.

Ser ein på den polikliniske aktiviteten innan psykisk helsevern for barn og unge så syner dei innrapporterte tala at det er generert nær 70 800 konsultasjonar per juli 2013. Dette er om lag 6 200 fleire enn til same tid i 2012, som gir ein vekst på 9,5 %. Ser ein på utviklinga på helseføretaksnivå finn ein at alle dei fire helseføretaka har vekst i talet polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for barn og unge samanlikna med tilsvarende periode i 2012. Helse Bergen HF og Helse Førde HF har den sterkaste veksten i konsultasjonar.

Psykisk helsevern for voksne

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for voksne er 3 % høgare enn per juli 2012 målt i talet på avslutta døgnopphald. Per juli 2013 var det generert nær 5 200 døgnopphald og differansen samanlikna 2012 er på 152 opphald. Av helseføretaka har Helse Stavanger HF og Helse Fonna HF generert færre avslutta døgnopphald enn til same tid i fjor. I same periode vart det generert rett over 141 000 liggjedøgn, noko som er nær 3 000 færre enn per juli 2012 (-2 %). Av dei fire helseføretaka har Helse Fonna HF og Helse Bergen HF generert fleire liggjedøgn til no i 2013, samanlikna med same periode i 2012.

Så langt i 2013 er det generert nær 112 000 polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for voksne ved helseføretaka i regionen. I 2012 var det tilsvarende talet rundt 110 500 konsultasjonar, noko som gir eit aktivitetsnivå som er 1,3 % høgare til no i 2013. Av helseføretaka har Helse Bergen HF hatt ein høgare aktivitet til no i 2013, medan dei tre andre helseføretaka har hatt ein lågare poliklinisk aktivitet.


2. Ventetidsutvikling

HFa i Helse Vest har jobba målretta med å redusere fristbrot og ventetider over lengre tid. For å gje fart til dette arbeidet er RHF-et i samarbeid med HFa no i ferd med å sette saman ein pakke med ulike tiltak. Tiltaka er retta mot å auke andelen pasientar som møter til time ved poliklinikkane, og redusere arbeidet knytta til re-planlegging av timar på poliklinikk. Vi ventar at tiltaka og vil gje betre høve til planlegging av poliklinikkar, betre service til pasientane og tydeleg leiarskap i sjukehusa. Styret i Helse Vest RHF behandla denne tiltakspakka i ei eiga styresak i juni.

Vær merksam på at ventetidene for behandla pasientar historisk går ned om sommaren grunna lågare aktivitetsnivå og prioritering av dei sjukaste, medan ventetida for dei ventande stig grunna same forhold.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i juli 2013 var på 56 dagar (48 dagar for prioriterte og 78 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av juli 2013 var 84 dagar, fordelt på 62 dagar for prioriterte og 109 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 85 dagar ved utgongen av juli. For pasientar med prioritet var ventetida 62 dagar, og for pasientar utan prioritet 110 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i juli 2013, så var dei 48 dagar for prioriterte og 78 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 57 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 41 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 75 dagar ved utgangen av juli 2013. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 43 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i juli 2013 var 54 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 52 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 94 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 66 dagar ved utgangen av juli 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 44 dagar og 109 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i juli 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 49 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 36 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 110 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne




Tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB)

For å kunne gjere ventelisterapporteringa meir komplett, har ein no og tatt med ventetidsutviklinga innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB). Då dei private avtalespesialistane utgjer ein stor del av tilbodet i helseregionen blir det nytta månadlege tal frå Helsedirektoratet, NPR i denne rapporteringa, då det regionale datavarehuset ikkje inneheld data frå dei private avtaleinstitusjonane.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan TSB var 96 dagar ved utgangen av juli 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 73 dagar og 179 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – TSB




For pasientar som starta behandlinga i juli 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 53 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 51 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 70 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – TSB



Oppdaterte ventetider på nettstaden fritt sjukehusval

Ein av dei indikatorane som blir rapportert til Helse- og omsorgsdepartementet og som det har vore fokus på i det siste, er prosentdelen ventetider på nettstaden fritt sjukehusval som har vore oppdatert dei seinaste fire vekene før rapporteringstidspunktet. Helse Vest har starta å samle inn månadlege tal for denne indikatoren frå og med januar 2013. Som figuren viser har trenden vore positiv i heile 2013. Den nasjonale målsettinga er at 100 % av ventetidene skal vere oppdaterte dei seinaste fire vekene.



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2012-jul	953	4 %	357	6 %	1310	4 %	831	9 %
2012-aug	841	4 %	843	9 %	1684	5 %	1072	11 %
2012-sep	829	3 %	884	9 %	1713	5 %	1138	11 %
2012-okt	734	3 %	813	7 %	1547	4 %	973	9 %
2012-nov	530	2 %	683	6 %	1213	3 %	743	7 %
2012-des	589	2 %	457	5 %	1046	3 %	668	6 %
2013-jan	453	2 %	687	6 %	1140	3 %	684	7 %
2013-feb	396	2 %	449	5 %	845	2 %	508	5 %
2013-mar	429	2 %	400	5 %	829	2 %	533	5 %
2013-apr	325	1 %	553	5 %	878	3 %	586	5 %
2013-mai	279	1 %	459	4 %	738	2 %	473	4 %
2013-jun	311	1 %	346	3 %	657	2 %	429	4 %
2013-jul	549	2 %	285	4 %	834	3 %	578	6 %


I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak.

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpatientar og epikrisetid

Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorpassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan somatikk




Bruken av korridorpassar har historisk sett hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Frå ein topp i februar 2013 har utviklinga i hovudsak peika rett veg innan somatikken. Helse Stavanger ligg framleis høgast målt i gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag, og både kirurgisk og medisinsk divisjon har hatt utfordringar knytt til dette.


Fram mot sommaren har det vore ein markant auke i gjennomsnittleg tal korridorpatientar innan psykisk helsevern i Helse Stavanger HF. I Helse Stavanger HF har stenging av ein post grunna rekrutteringsproblem vore hovudbidragsytar til denne utviklinga. Posten vil bli opna no i månadsiftet. I Helse Bergen

HF har det vore eit høgt belegg innan psykisk helsevern tidlegare i 2013, men utviklinga i høve til korridorpasientar har vore positiv frå april.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar. I juli 2013 blei 84 % av epikrisane utsendt innan fristen innan psykisk helsevern, medan delen utsende innan somatikken var 82 %. Innan psykisk helsevern hadde alle helseføretaka 80 % eller høgare og Helse Bergen HF låg høgast med 91 %, medan Helse Stavanger HF ligg lågast. Helse Førde HF hadde den høgaste prosentdelen innan somatikken (92 %), medan Helse Stavanger ligg lågast. Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 15 månadene.



5. Helsefaglege tiltak

Frå og med verksemdrapporteringa per april blei helseføretaka bedne om å beskrive kva for tiltak dei har sett i verk for å nå dei ulike helsefaglege målsettingane:

Helse Fonna:

Redusere talet fristbrot: utvida opningstid på poliklinikkar og innleige av legar.

Gjennomgang av pleiefaktor for å utjamne forskjellane mellom sjukehusa i føretaket.

Aktivitetsutvikling innan somatikk og PH: dreie behandlingsaktiviteten frå døgn til dag og poliklinikk.

Forbetre ventetidene: innleige av overlegar og funksjonsfordeling for å utnytte ledig kapasitet.

Epikrisetider: innføring og oppfølging av talegjenkjenning

Korridorpasientar: betre rutinar for utskrivingsklare pasientar.

Helse Førde:

Kapasitetsutnytting: innføre SMS varsling til pasientane innan juni i 2013.

Fristbrot og langtidsventande: oppfølging kvar veke etter oppsett prosedyre.

Epikrisetid: melding kvar veke av epikrisetid, og oppfølginga vil bli ennå strengare.

Korridorpasientar: dagleg oppfølging av korleis korridorpasientar på sengepostane blir registrert.

Helse Bergen:

Aktiviteten: ligg over plantall og difor ikkje satt i verk nokre ekstraordinære tiltak for å auke denne.

Ventetider, fristbrot og epikrisetid: diskutert på alle nivå 2 og nivå 3 møter, og adm.dir. har stor merksemd kring målsettingane.

Fristbrot og langtidsventande: utvikla verktøy som gjer det lettare å identifisere og ha oversikt.

Epikrisetider: fortsetje utrulling av talegjenkjenning og gje behandlerane auka opplæring i DIPS.

Korridorpasientar: prosjekt knytt til betring av registreringspraksis for å sikre eit korrekt bilete av talet korridorpasientar er nyleg avslutta. Dei nye rutinane vil regelmessig bli følgt opp av fagsenteret for pasientadministrative system.

Kapasitet: ei arbeidsgruppe har sett på kva føretaket bør gjere for å forbetre situasjonen knytt til sengekapasiteten på Haukeland. Ein rapport er under ferdigstilling.

Helse Stavanger:

Ventetider: Tiltak innført for å auke aktiviteten innan TSB.

Kapasitetsutnytting: SMS-varsling blir nytta ved fleire poliklinikkar. Utfordring at ca. 30 % reserverar seg mot SMS-varsling. For desse er det etablert eit prosjekt ved kirurgisk divisjon med påminning per tlf.

Poliklinikkdrift: planlagt eit prosjekt for å optimalisere poliklinikkdrift i samarbeid med Helse Vest RHF.

Aktivitet: føretaket ønskjer å auke delen elektive opphald.

Epikrisetider: føretaket har fokus på avdelingar med låg måloppnåing, og spesielt godkjenningstid (legar). Talegjenkjenning er i ferd med å bli innført i helseføretaket.

Korridorpasientar somatikk: stort fokus på å «snu» fleire pasientar i mottak etter faglig vurdering, effektivisere innleggingane for å få kortare liggetid, og fleksibel utnytting av senger.

Korridorpasientar psykisk helsevern: auke i talet innleggingar, samtidig som ein akuttpsykiatrisk sengepost er stengt ut august 13 grunna bemanningsproblem. Dette har medført overbelegg, men berre unntaksvis (nokre timar) korridorpasientar. Føretaket nyttar f.eks. permisjonsrom og undersøkingsrom.

Det er mykje feilregistrering og det blir gjennomført ny opplæring for å sikre korrekt registrering.

6. Økonomi


6.1 Resultat

	Juni			Juli			Hittil pr. juli		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	-116	582	-698	-273	2 247	-2 520	6 295	6 780	-485
Helse Bergen HF	20 313	14 338	5 975	23 664	18 638	5 027	139 024	119 688	19 336
Helse Fonna HF	3 748	2 833	915	3 584	2 834	750	14 496	19 834	-5 337
Helse Førde HF	42	416	-375	471	415	56	-1 354	2 916	-4 270
Helse Stavanger HF	3 388	7 501	-4 113	7 548	7 498	51	9 845	52 498	-42 653
Kjøp av helsestener	35 392	12 512	22 880	24 192	13 258	10 934	204 954	142 273	62 681
Administrasjon morselskap	2 568	1 362	1 207	1 541	1 321	220	6 642	1 559	5 083
Helse Vest IKT AS	2 571	553	2 018	4 432	5 006	-574	1 990	4 380	-2 391
Til saman	67 906	40 096	27 809	65 160	51 217	13 944	381 891	349 928	31 964

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i juni var kr 67,9 mill som er kr 27,8 mill betre enn budsjettet. I juli var resultatet kr 65,2 som er kr 13,9 betre enn budsjettet og gir eit akkumulert resultat etter sju månader på kr 381,9 mill som er kr 32 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Føretaket hadde i juni eit resultat på kr 3,4 mill som er kr 4,1 mill svakare enn budsjettet. I juli var resultatet kr 7,6 mill som er om lag som budsjettet. Akkumulert resultat er etter sju månader kr 9,8 mill som er kr 42,7 mill svakare enn budsjettet.

Samla ordinær ISF inntekt har eit negativt avvik på kr 3,8 mill som må sjåast i samanheng med nedgangen på aktivitetssida hittil i år. Hovudårsaka til at inntektsida samla gir eit positivt budsjettavvik på kr 10,3 mill, skuldast eksternt finansierte prosjekt som har ei tilsvarande kostnadsida men som ikkje er budsjettet. Føretaket melder at kr 20,7 mill av lønnskostnadane inkl. innleige er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt budsjettavvik innan lønn på kr 48,1 mill. Hovudårsaka til avviket innan lønn knytter seg hovudsakeleg til fast lønn samt høgt bruk av overtid og innleige i forhold til budsjett.

Varekostnadane viser eit positivt avvik på kr 2,5 mill og ein må sjå dette i samanheng med lågare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 13,8 mill som mellom anna skuldast auka kostnader til eksternt finansierte prosjekt.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i juni var kr 3,7 mill som er kr 0,9 mill betre enn budsjettert. I juli var resultatet kr 3,6 mill som er kr 0,8 mill betre enn budsjettert. Etter sju månader gir dette eit akkumulert resultat på kr 14,5 mill som er kr 5,3 mill svakare enn budsjettert.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 16,9 mill. Sum driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 23,5 mill og personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer eit negativt budsjettavvik på kr 30,3 mill. Det er kostnader til faste stillingar som bidreg mest til det negative avviket på bemanningsområdet. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet og andre driftskostnader er etter sju månader marginalt under budsjett. Finansresultatet er kr 1,2 mill betre enn budsjettert.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

I juni var resultatet kr 20,3 mill som er kr 6 mill betre enn budsjettert. Resultatet i juli var kr 23,7 mill som er kr 5 mill betre enn budsjettert. Etter sju månader er resultatet kr 139 mill som er kr 19,3 mill betre enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 98,2 mill medan driftskostnadane syner eit negativt budsjettavvik på kr 82,5 mill. Føretaket melder at bemanningsområdet har eit særskilt fokus og lønnskostnad og ekstern innleige utgjør kr 19,2 mill av avviket. Omlag kr 20 mill av avviket på varekostnad er knytt til biologiske legemiddel med tilsvarende høg inntekt. Avvik utover det er i hovudsak knytt til medisinske forbruksvarer og laboratorierekvisita og må bli sett i samanheng med den høge aktiviteten. Avviket på kjøp av helsetenester er i hovudsak knytt til gjestepasientar innan somatikk og psykiatri. Delar av dette avviket er dekkja inn på inntektssida. Det er vidare eit negativt budsjettavvik knytt til energi på i overkant av kr 7 mill.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Føretaket hadde i juni eit nullresultat som er kr 0,4 mill svakare enn budsjetttert. Resultatet i juli var kr 5 mill som er kr 0,1 betre enn budsjetttert. Akkumulert resultat etter sju månader er minus kr 1,4 mill som er kr 4,3 mill svakare enn budsjetttert.

Etter sju månader er inntektene hittil i år kr 4,5 mill høgare enn budsjett medan kostnadssida er kr 13,5 mill over budsjett. Personalkostnadane inkludert innleige syner eit meirforbruk på kr 9 mill og varekostnadane har eit meirforbruk på kr 8,5 mill. Avskrivningane hittil i år er kr 6,9 mill høgare enn budsjetttert og finansresultatet er kr 4,6 mill betre enn budsjetttert.

Kjøp av helsetenester

Resultatet i juni var kr 35,4 mill, som er kr 22,9 mill betre enn budsjetttert. Resultatet i juli var kr 24,2 mill som er kr 10,9 betre enn budsjetttert. Akkumulert er resultatet 205 mill som er kr 62,7 mill betre enn budsjetttert. Det positive avviket skuldast mellom anna eit betre finansresultat enn budsjetttert, lågare bruk av konsulentar, justert premie til Norsk pasientskadeerstatning samt eit positivt avvik knytt til lab/røntgen.

Administrasjonen

Akkumulert resultat etter sju månader er kr 6,6 mill som er kr 5,1 mill betre enn budsjetttert.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i juni var minus kr 0,1 mill som er kr 0,7 mill svakare enn budsjetttert. I juli var resultatet minus kr 0,3 mill som er kr 2,5 mill svakare enn budsjetttert. Akkumulert resultat er kr 6,3 mill som er kr 0,5 mill svakare enn budsjetttert. Varesalsinntektene er kr 6,7 mill under budsjett og tenestesalet er kr 1,2 under budsjett. Sum driftskostnader er kr 6,6 mill lågare enn budsjett og varekostnadane utgjør kr 2,6 mill av dette avviket som må sjåast i samanheng med eit lågare varesal enn budsjetttert.

Helse Vest IKT AS

I juni var resultatet kr 2,6 mill som er kr 2 mill betre enn budsjettert. I juli var resultatet kr 4,4 mill som er kr 0,6 mill dårlegare enn budsjettert. Etter sju månader er resultatet kr 2 mill som er kr 2,4 mill svakare enn budsjettert. Noko av avviket skuldast flat periodisering av inntekt gjennom året men også kostnadsutviklinga for personalkostnader og lisensar bidreg til avviket.

Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	10 900	13 000	-2 100
Helse Bergen HF	165 000	165 000	0
Helse Fonna HF	34 000	34 000	0
Helse Førde HF	0	5 000	-5 000
Helse Stavanger HF	60 000	90 000	-30 000
Kjøp av helsetenester	37 100	0	37 100
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	308 000	308 000	0

Alle tall i heile tusen

Sjukehusapoteka Vest melder ei prognose som er kr 2,1 mill lågare enn budsjettert.

Helse Stavanger opprettheld si prognose på kr 60 mill som er kr 30 mill lågare enn budsjettert. Føretaket arbeider for å oppnå budsjettbalanse dei resterande månadane i 2013.

Helse Førde opprettheld si prognose på eit resultat i balanse som er kr 5 mill lågare enn budsjettert.

Basert på erfaringar og resultatet hittil er det rimeleg å anta at RHF-et vil få eit positivt budsjettavvik. Som ein foreløpig tilnærming er prognosen i RHF-et lagt inn med eit positivt avvik som svarar til den negative prognosen i tre av føretaka. I tillegg er det budsjettert med ein reserve i RHF-et på kr 154 mill.

Omstilling

Stavanger har oppretta og sett i verk tiltak på kr 44,7 mill som har hatt effekt frå og med mars. Pr. juli er effekten kr 29,1 mill som 155 % meir enn budsjett pr juli.

Helse Fonna har eit risikobilete på i overkant av kr 50 mill. Omstillingstiltaka som skal dekke denne risikoen er tatt inn i budsjettet og skal ha størst effekt frå og med neste rapportering.

For dei andre helseføretaka er risikoen vurdert å vere moderat og det er førebels ikkje vurdert som nødvendig å setje i verk rapportering på omstillingstiltak.

Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2013 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2013 i februarmøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til 1,7 mrd. I tabellane som følgjer er det vist status på investeringar pr. juli samt estimat for året.

Investeringar 2013	juli	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Bygg	436 111	549 239	985 350	980 350
MTU	98 584	212 241	310 825	315 825
IKT	99 614	127 330	226 944	226 400
Anna	106 387	107 934	214 321	214 100
SUM	740 695	996 745	1 737 440	1 736 675

Alle tall i heile tusen

Samla investeringar per juli er på kr 740,7 mill. Dette utgjør omlag 43 % av forventede investeringsnivå i 2013.

Helse Stavanger:

Investeringar 2013	juli	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Stavanger:				
Stavanger DPS	27 464	65 180	92 644	93 200
BUPA	287	713	1 000	0
Ferdigstilling MOBA	19 871	31 129	51 000	20 000
Øvrig bygg	23 282	2 124	25 406	56 850
Sum bygg	70 904	99 146	170 050	170 050
MTU	18 291	109 234	127 525	127 525
IKT	544	0	544	
Anna	10 993	66 263	77 256	77 800
SUM Stavanger	100 732	274 643	375 375	375 375

Alle tall i heile tusen

Investeringar per juli utgjør om lag 27 % av estimert investeringsnivå for 2013. Estimater for året er lik budsjett.

Helse Fonna:

Investeringar 2013	juli	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Fonna:				
Bygg	22 409	41 091	63 500	58 500
MTU	9 072	25 928	35 000	40 000
IKT	1 072	4 428	5 500	5 500
Anna	6 880	3 120	10 000	10 000
SUM Fonna	39 433	74 567	114 000	114 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per juli utgjør om lag 35 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimater for året ligger på samme nivå som budsjettet.

Helse Bergen:

Investeringar 2013	juli	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Bergen:				
Kronstad DPS	68 578	71 422	140 000	140 000
BUSP trinn I og II	84 101	155 899	240 000	240 000
Ombygging Sentralblokken	102 361	48 639	151 000	151 000
Øvrig bygg	61 119	94 881	156 000	156 000
Sum bygg	316 159	370 841	687 000	687 000
MTU	65 765	54 235	120 000	120 000
IKT			0	
Anna	81 470	20 295	101 765	101 000
SUM Bergen	463 394	445 371	908 765	908 000

Alle tall i helle tusen

Investeringar per juli utgjer 51 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for året ligg om lag som budsjettet.

Helse Førde:

Investeringar 2013	juli	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Førde:				
Luftambulans/pre-hospitalt bygg		30 000	30 000	30 000
Øvrig bygg	26 638	8 162	34 800	34 800
Sum bygg	26 638	38 162	64 800	64 800
MTU	5 456	22 844	28 300	28 300
IKT	198	702	900	900
Anna	6 246	954	7 200	7 200
SUM Førde	38 538	62 662	101 200	101 200

Alle tall i helle tusen

Investeringar per juli utgjer om lag 38 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for 2013 ligg på same nivå som budsjett.

Sjukehusapoteka:

Investeringar 2013	juli	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Sjukehusapoteka	798	17 302	18 100	18 100

Alle tall i helle tusen

Investeringar per juli utgjer om lag 4 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for 2013 ligg på same nivå som budsjett.

Helse Vest IKT:

Investeringar 2013	juli	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Vest IKT	97 800	122 200	220 000	220 000

Alle tall i helle tusen

Investeringar per juli utgjer 45 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for 2013 ligg på same nivå som budsjett.

Likviditet


Netto likviditet ved utgangen av juli er på kr 694 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) gjennom året 2013.



Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,708 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramma vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

7. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær




Måltallet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per juli 2013 var det samla sjukefråværet på 6,0 % og sjukemeldt fråvær på 5,4 %.

Per juli 2013 var sjukemeldt fråvær lågare enn per juli 2012. For samla sjukemeldt fråvær er det også lågare enn per juli 2012. Det er ein betydeleg forbetring samanlikna med same periode i 2012. Det er ein samanheng mellom fleire brutto og netto månadsverk og færre sjukefråværsdagsverk.

70,23 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2013 og 69,50 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2013. Dette er ein betydeleg forbetring samanlikna med same periode 2012.

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein nedgang med 926 brutto månadsverk frå juli 2013 til august 2013 samla for føretaksgruppa. Netto månadsverk har hatt ein nedgang med 274 netto månadsverk i same perioden samla for føretaksgruppa. Den store nedgangen skyldast at det er mange ferievikarar inne i juli. Helse Bergen har stått for den største nedgangen i brutto månadsverk med 427 fleire brutto månadsverk i juli enn i august. Helse Stavanger har hatt ein nedgang med 258 brutto månadsverk, Helse Førde har hatt ein nedgang med 128 brutto månadsverk og Helse Fonna har hatt ein nedgang med 112 brutto månadsverk i same periode.

Samanlikna med same periode i 2012 har det vore ein auke med 282 brutto månadsverk og 261 netto månadsverk for føretaksgruppa.

Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest


Helseføretaka i Helse Vest	201208	201308	Endring 2012-2013	% endring frå 2012-2013	% endring frå 2011-2012
Merarbeid i kroner	198 022 636	204 587 592	6 564 956	3 %	2 %
Overtid i kroner	236 282 902	265 494 059	29 211 156	12 %	4 %
Merarbeid i timer	1 103 314	1 082 644	-20 670	-2 %	0 %
Overtid i timer	536 852	577 296	40 444	8 %	3 %
Brutto månedsverk	154 704	157 178	2 474	2 %	3 %

Bruk av variable timar har auka frå juli 2013 til august 2013 i alle helseføretaka, og bruk av overtid må spesielt følgjast nøye.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid


Det er per juli 2 149 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Totalt er det ca. 2 235 fleire tilsette i 100 % stilling per juli 2013 enn i desember 2010. Det er for same periode ein glidande endring i høgare stillingsprosent for eit stor tal medarbeidarar.

Målkravet er å redusera differansen mellom 100 % og korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent med 20 % reduksjon med utgangspunkt i kva korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent var per mai 2011. Per juli 2013 er den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,77 %. Per juli 2013 har føretaksgruppa Helse Vest har nådd målkravet som var satt til 89,30 %. Det er også andre indikatorar som skal understøtte utvikling av ein heiltidskultur.




Helse Stavanger

Sjukefråvær




71,95 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2013. 70,65 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2013.

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




72,15 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2013. 70,46 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2013.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




65,50 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2013. 64,97 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per juli 2013.

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




72,76 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2013. 72,37 % av einingane har eit sjukemeldt frávær under 4,5 % for juli 2013.

Månadsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




72,41 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2013. 72,41 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2013. Det er igjen ein negativ utvikling av sjukefråværet for Sjukehusapoteka Vest. Administrasjonen har bedt leinga gjere greie for kva som kan være utløyssande årsaker til ein heilt anna profil enn for helseføretaka/Helse Vest IKT.

Månadsverk




Sjukefråvær



90,32 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2013.
 96,77 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2013.

Månadsverk



8. Medieanalyse

Medieanalysen viser korleis Helse Vest RHF og føretaksgruppa Helse Vest står fram i media, kor synleg ein er og om tendensen er positiv, negativ eller nøytral. Analysen inneheld også ein omdømmeindikator, som viser kor mykje eller lite mediasakene potensielt verkar på omdømmet til spesialisthelsetenesta på Vestlandet.

Metode

Målet med analysen er å fange opp oppslag og identifisere gjennomslag for Helse Vest i mediedekninga. I vektinga av journalistisk tendens i sakene er fokus på framstillinga i medieomtalen, om denne er positiv, negativ eller nøytral. I tilfelle der media viser fleire sider av ei sak er hovudvekta lagt på dei elementa i saka som får størst fokus, og medieomtalen blir vurdert etter den viktigaste tendensen i saka. Målinga av rekkevidda til medieomtalen er basert på lesartal for avisene (Mediebedriftenes Landsforening). Rekkevidda til nettmedia er basert på eit gjennomsnitt av unike brukarar per veke eller per måned (TNS Gallup). Rapporten er utarbeida av InterMedium, som er klipptenesta spesialisthelsetenesta i Noreg brukar.

Medieanalyse 2. kvartal 2013




Fig. 1 Medieomtale over tid for Helse Vest, oppslag per veke 2. kvartal 2013.

InterMedium har i perioden 1. april til 30. juni 2013 fanga opp totalt 1879 oppslag som handlar om Helse Vest totalt, inkludert alle føretaka. Talet på oppslag går tilbake med 16 prosent samanlikna med førre kvartal. 19 prosent av denne omtalen er positivt eller svakt positivt vinkla for Helse Vest, 24 prosent er negativt eller svakt negativt vinkla og 65 prosent er nøytralt vinkla. Den positive delen av medieomtalen aukar med fem prosent og den negative andelen har auka med tre prosent samanlikna med 1. kvartal 2013.




Fig. 2 Medieomtale etter tendens – Helse Vest (alle føretak), del av oppslag i 2. kvartal 2013

Helse Vest RHF er i same perioden omtalt i 446 oppslag. Dette er ei auke på 9 prosent frå førre kvartal. 17 prosent av sakene i denne perioden er positivt eller svakt positivt vinkla for Helse Vest RHF. 11 prosent er negativt eller svakt negativt vinkla, noko som utgjer halvparten av negative saker frå førre kvartal, og 72 prosent er nøytralt vinkla. Andelen av positive saker er størst i juni, med totalt 32 prosent positive eller svakt positive oppslag.




Fig 3 Medieomtale etter tendens – Helse Vest RHF, del av oppslag i 2. kvartal 2013.

Om alle møtte... får svært positiv omtale

Den positive omtalen i 2. kvartal 2013 er i stor grad knytt til saka og prosjektet Om alle møtte. Utsegna om at Helse Vest kan gjennomføre opptil 300.000 fleire konsultasjonar i året, om fleire pasientar møter opp til time og åpningstidene utvides, går igjen i fleire oppslag. Saka er svært positiv for det regionale helseføretaket og for sjukehusa, som står fram som løsningsorienterte og innovative når det gjelder å finne måter for å få fleire pasientar til å møte til avtala time. Saka er mellom annet presentert grundig i Bergens Tidende og på NRK sine nettsider, og har ein positiv effekt på omdømmet.

Vedtaket om å la kommunane i indre Hardanger halde fram som ein del av Helse Fonna skapte noko diskusjon i lokalmediene. I ein stor del av medieomtalen er det nøytralt informert om vedtaket og konsekvensene av dette. Det blei også lagt fram negative synspunkt mot innstillinga, særleg frå allmennlegerådet i Odda. Etter styremøtet i Helse Vest var det mange positive oppslag, både i lokale, regionale og nasjonale medier.

Korridopasienter skapar kritikk

Ser ein på føretaksgruppa under eitt (fig. 2) finn ein en større del negativ omtale. Med bakgrunn i rapporteringa til styret i Helse Vest, som viser til antall korridopasienter, peikar Helse Stavanger seg ut med fleist korridopasientar. Tala viser også at korridopasienter er eit vedvarande problem i Stavanger. Artiklane er ikkje negative for dei andre føretaka i Helse Vest, men er altså relativt negative for Helse Stavanger. Artiklane som omtalar denne saka er publisert i, mellom anna, Stavanger Aftenblad, VG og på NRKs nettsider.

Organisasjon og leing mest omtalte tema

Organisasjon og leing er det mest omtalte temaet i mediedekninga av Helse Vest RHF, slik det også var i 1. kvartal. Diskusjonene rundt føretaksgrensene i Helse Fonna bidreg til dette. Det same gjer sakene knytt til Om alle møtte, og artiklane om det store talet på korridopasientar ved sjukehuset i Stavanger. Ei NTB-sak som er sitert i ei rekke ulike medier sørger også for brei dekning av dette temaet. Helsetilsynet har avdekkja omfattande svikt i sjukehusa si oppfølging av pasientar med kreft.




Fig. 4 Medieomtale etter tema – Helse Vest RHF, del av totalt tal oppslag 2. kvartal 2013

Helsetilsynet har funne 24 brot på lova på 17 av de 28 sjukehusa det er ført tilsyn med. Sjukehusa i Helse Vest utmerkar seg med ingen avvik, men merksemda i sakene ligg på dei sjukehusa i andre regionar, som ein finn brot ved.

Positiv omtale i oppslag kor føretaket er sentral

Analysen viser at Helse Vest RHF har ein sentral plass i 13 prosent av den totale medieomtalen i 2. kvartal 2013, heilt likt som det var i 1. kvartal. I oppslaga kor Helse Vest har ein sentral plass er 21 prosent positive og 15 prosent negative. Helse Vest er mest fremtredande i dei nøytrale oppslaga, oppslag som er knytt til presentasjon av fakta, kommentarar frå fagfolk mv., dette kvartalet.

Resultat 2. kvartal 2013

Helse Vest er i media blir presentert i form av ein indeks der +9 gir høgast mogleg positiv potensiell påverknad på omdømmet og - 9 gir høgast mogleg negativ potensiell påverknad på omdømmet. Skalaen er endra sidan 4. kvartal 2013. Årsaka er at den førre skalaen (frå +6 til -6) ikkje ga eit heilt riktig bilde og at små oppslag difor kunne få større utslag enn dei burde. Resultatet av forbedringane er at vi no har differensiert synlegheit meir basert på oppslaget sin størrelse. Gjennomslag i tekst vil difor gi høgare score, jo større oppslaget er. I praksis betyr justeringa at små oppslag no får relativt mindre synlegheit enn medium og store oppslag. Den journalistiske tendensen avgjer om synleggjinga er positiv eller negativ. Oppslag med ein indeks frå 0 til +3 eller 0 til -3 har relativt liten synleggjing, og dermed mindre potensiell omdømmeeffekt. Oppslag med ein indeks frå +4 til +6 eller -4 til -6 har stor synleggjing og dermed stor potensiell omdømmeeffekt. Oppslag med ein indeks frå +6 til +9 eller -6 til -9 har svært høg potensiell påverknad på omdømmet.

Synligheitanalysen viser berre den reelle synliggjinga av Helse Vest RHF, og tar ikkje omsyn til journalistisk tendens og eventuel verknad på det regionale helseføretaket sitt omdømme. Analysen viser her at synliggjinga av Helse Vest RHF aukar jamt frå april til juni. Synligheita i juni har det høgaste snittet registrert etter at målingane tok til. Synleggjing kan, mellom anna, påverke kjennskapen til verksemda.




Fig. 5 Synlegheitindeks Helse Vest RHF 2. kvartal 2013

Medieomtalen i juni har ein positiv potensiell verknad på omdømmet. Omdømmeindikatoren viser at det i april og mai ikkje er noko overvekt av positive eller negative oppslag som verker imm på omdømmet. Det kan likevel vere enkeltsaker med høg positiv eller negativ effekt på omdømmet i desse to månadene. I juni er det derimot ei vesentleg overvekt av positive oppslag, som potensielt kan trekke omdømmet i positiv retning.

I denne framstillinga er berre synligheita i dei negative og de positive oppslaga inkludert, då ein antar at desse har størst innveknad på verksemda sitt omdømme.




Fig. 6 Omdømmeindikator Helse Vest RHF, 2. kvartal 2013